



Fylkesmannen i  
Hordaland

## Løyve til mudring utanfor eigedom ved Nautevågen og dumping av massar i Fensfjorden

Fylkesmannen gir Jarle Fanebust løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 9. desember 2013. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom du ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha noko å seie for miljøet, må du på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal du sende ei utgreiing til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Søkjar	Jarle Fanebust
Postadresse og e-post	Fonnestv. 186, 5955 Lindås, <a href="mailto:jarfan@hfk.no">jarfan@hfk.no</a>
Mudring	Ved eigedom ved Nautevågen i Lindås, utanfor gnr./bnr. 106/1 og 106/26
Dumping	I Fensfjorden ved Raudholmen på koordinatane UTM 31: N-6742679 E-292241

Risikoklasse: 4

Løyve gitt: 26. februar 2014	
Henriette Ludvigsen e.f. overingeniør	Silje Tingstad overingeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

## **1. Kva løyvet omfattar**

Løyvet gjeld mudring av inntil 300 m<sup>3</sup> massar utanfor gnr./bnr. 106/1 og 106/26 ved Nautevågen i Lindås, jf. kart i søknaden.

Massane skal dumpast sør i Fensfjorden ved Grasholmen på koordinatane N-6742679 E-292241 (UTM-31).

## **2. Varsling og tidspunkt for gjennomføring**

Tiltaket skal ikkje gjennomførast i sommarmånader, 15. mai til 15.september.

## **3. Avbøtande tiltak**

Viss det oppstår sterk blakking og spreieing av partiklar i sjøen skal Fylkesmannen varslast straks. Du skal så snart som råd informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar.

Dersom det oppstår fare for auka forureining plikter de å setje i verk tiltak som er nødvendig for å eliminere eller redusere den økte forureiningsfaren.

De skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift. De skal også, så snart som råd, varsle Fylkesmannen i slike høver på e-post til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no).

## **4. Rapportering til Fylkesmannen**

Du skal sende rapport til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal sendast til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) og skal innehalde:

- Beskriving av tiltaket og utført arbeid, inkludert informasjon om volum massar som er mudra og dumpa, og kart og koordinatar.
- Utgreiing om eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomført for å hindre spreieing av partiklar

## **5. Tilsyn**

Du plikter å la representantar for forureiningsstyresmaktene føre tilsyn med tiltaket når som helst.